



Hardangerrådet iks



**Referat frå møte i Hardanger kulturråd
Møterom hjå Hardangerrådet i Kinsarvik
Mandag 12. juni 2017 kl 09:00 – 14:00.**

Tilstades:

Lisbeth Bygstad Celik, Eidfjord

Anne Marit Lekve, Ulvik

Eva Wiberg, Ullensvang herad

Olav Seim, Granvin

Mary Ann Sørheim, Kvam

Olaug Værland, Jondal

Ingvild Ystanes, Odda kommune

Frå Hardangerrådet: Dagleg leiar Jostein Eitrheim og konsulent Trude Rinaldo

Gjester: Randi Bårtvedt, Hardanger og Voss Museum, Johild Mæland

Forfall:

Lage Thune Myrberget, Odda kommune

Agenda

09.00	Presentasjon og dialog : Hardanger og Voss Museum ved dagleg leiar Randi Bårtvedt
10.00	Hardanger Kulturråd sakshandsaming
10.30	Husværet i Berlin – dialog med Johild Mæland
11.30	Lunsj
12.45	Sakshandsaming fortset
14.00	Slutt

Orientering Hardanger og Voss Museum – drøfting:

Kva kan HVM bidra med i kommunane sitt kulturarbeid ?

Felles kulturkalendar for Hardanger – Kva er status?

Viktig å nytta digitale informasjonskanalar for å nå ut med våre tilbod. Felles kulturkalendar for heile Hardanger vil gje besøkjande informasjon om tilbod i heile regionen. Kobling mot Fjord Norge og andre nasjonale aktørar.

Viktig at kulturkompetanse vert prioritert i det vidare arbeid i HK.

HVM er ein viktig og god ressurs for kulturarbeidet i regionen.

Pr. idag er det mykje drift og lite utvikling som har fokus i kommunane.

Viktig at det no vert sett fokus på regionale samarbeid som Hardanger Kulturråd, Team Hardanger, Folkehelsesamarbeid.

Fokusera på kultur som næring i Hardangerkonferansen ?

Hardanger Berlin – orientering v/Johild Mæland.

Kvar kunstnar som får opphald bidrar med eigenandel på kr 500,- pr. måned. Den nye ordninga i regi av Hardanger Kunstlag har eit budsjettert overskot for 2017 på om lag kr 700. Johild orienterte om tilbakemeldingar frå kunstnarar som har hatt opphald etter at Hardanger Kunstlag tok over ansvaret for ordninga.

Felles for tilbakemeldingane er at dette husværet gjev mange mogelegheiter for å knytta nye kontakter og henta impulsar som er viktig både for kunstnaren sjølv og for Hardangerregionen.

HardingarT har gjeve melding om at dei ikkje vert med vidare frå 2018.

Hardanger Kunstlag rettar førespurnad til kommunane om dei samla vil overta forpliktinga etter HardingarT.

Olav Seim orienterer Voss kommune om førespurnad frå Hardanger Kunstlag.

Det er ulikt mellom Hardangerkommunane kva periode ein har forplikta seg i avtalen med Hardanger Kunstlag. M.a. Eidfjord og Granvin har forplikta seg for 3 år. HKR drøfta kva grupper som bør få høve til å søkja om opphald.

HKR bør senda oppmoding til dei kommunane som ikkje har forplikta seg til 3 år om å gjera dette. Det vil vera ei naudsynt avklaring for å kunne fortsetja ordninga i 2018 og 2019. Kwart medlem av HKR henvender seg til administrativ leiing om ønskje om at kommunane samla overtar forpliktinga som HardangerT har dekkja i 2017.

Sakliste:

- 1. Saker innmeldt ved starten av møtet – Vert drøfta under siste sak.**
Ingen saker meldt ved møtestart.
- 2. Mandat Hardanger Kulturråd**
Forslaget var utsendt på førehand. Dette vart gjennomgått og drøfta. Innspel oversendt frå Lage Thune Myrberget var drøfta og møtet konkluderte med at tema er vesentlege og fell innanfor «punkta» i mandatet.
Vedteke mandat ligg vedlagt til referatet.
- 3. Retningslinjer Regionalt kulturfond Hardanger**
Vedtekne retningslinjer ligg vedlagt til referatet. MRK Søknadsfrist 2017: 01.09. For seinare år 30. april.
- 4. Utlysing Regionale kulturmidlar**
HKR ber sekretariatet om å laga utlysing og dela denne med alle kommunane, som får ansvar for å spreia det vidare. Søknadsfrist er bestemt 1. september 2017.
- 5. Hardanger Berlin – utlysing/tildeling av gitt periode**
Diskusjon
- 6. Saker innmeldt ved starten av møtet.**
Orientering:
Ingvild Ystanes: Kulturtanken

Kinsarvik 12.6.2017
Referat av Jostein Eitrheim



MANDAT HARDANGER KULTURRÅD/HKR Godkjent i HARDANGER Kulturråd 12.06.2017

Nettverk

- ❖ HKR er eit fagleg nettverk mellom kulturleiarane i kommunane/herada i Hardanger.
- ❖ Hardanger Kulturråd legg opp til eit tett samarbeid med dei regionale kulturinstitusjonane i Hardanger.
- ❖ HKR har eit regionalt kulturfokus med utvikling, nyskaping og tilrettelegging som hovudfokus.
- ❖ HKR sine medlemmer utfyller og utviklar kvarandre gjennom erfaringsutveksling, inspirasjon, motivasjon og kollegarettleing.
- ❖ HKR er eit partnerskap som motiverer, inspirerer, støttar og gjev auka kompetanse for lokalt og regionalt kulturarbeid.

Mandat

- ❖ HKR lyser ut, handsamar og tildeler årleg midlar i Regionalt kulturfond Hardanger.
- ❖ HKR skal gi uttale og råd innafor HKR sine områder.
- ❖ HKR skal ha fokus på informasjon, tilrettelegging og rettleing i utviklingsarbeidet i Hardangerregionen.
- ❖ HKR skal halda kvarandre oppdaterte på aktuelle kulturpolitiske og kulturutviklingstiltak som er på gang i kommunane/herada.
- ❖ HKR skal halda seg oppdaterte på og samhandla med fylkeskommunale og statlege kulturstrategiar og handlingsplanar.
- ❖ HKR skal sjå på tvers av kommunegrensar i tiltak dei arbeider med til beste for regional utvikling.
- ❖ HKR skal ha fokus på alle «bransjar» som vil medverka til styrkja kulturen i regionen.
- ❖ HKR skal ta initiativ til regionale tiltak som kan styrkja eksisterande og som kan skapa ny kultur i regionen.
- ❖ HKR skal ta initiativ til og leggja til rette for konkrete felles aktivitetar og koordinerande tiltak i samarbeid med kulturlivet i regionen.

Samspelsreglar

- ❖ Nettverksleiinga går på omgang mellom medlemmene. Hardangerrådet held sekretariat for HKR.
- ❖ Fellesprosjekt eller einskildtiltak som gir suksess i ein kommune er suksess for heile regionen.
- ❖ Alle deltakarar i nettverket er ambassadørar for regionen.
- ❖ Nettverksarbeidet er basert på openheit, støtte og tillit mellom partane.
- ❖ Der det kan vera motstridande interesser innan nettverket, er det viktig at ein er open i forhold til det og møter problemstillingane i framkant.
- ❖ Det er viktig at det regionale arbeidet er godt forankra i den einskilde deltakar sin kommune/organisasjon til ei kvar tid.

RETNINGSLINJER FOR REGIONALT KULTURFOND HARDANGER endra 12.6.2017

Retningslinjer for søknadane er :

1. Nye tiltak skal prioriterast.
 2. Det skal leggst vekt på at tiltaka fremjar regionalt samhald og samhandling, og såleis styrkjer Hardangerkjensla.
 3. Tiltaka må femna om fleire kommunar og vera i Hardanger.
 4. Det bør leggst vekt på at tiltaka fremjar næringsutvikling.
 5. Krav til søknaden og sakshandsaminga:
Søknadane må innehalda minst følgjande opplysningar:
 - a) Ansvarleg søkjar (person, ansvarleg selskap, frivillig organisasjon)
 - b) Skildring av tiltaket sin ide og målsetjingar
 - c) Budsjett
 - d) Finansieringsplan
- Dersom prosjektet går over fleire år , skal budsjett og finansierings plan vera periodisert.
6. Avgrensingar
Regionalt kulturfond skal som hovudregel ikkje nyttast som garanti for lån/ til lån eller som driftstilskot. Det kan som regel ikkje ytast tilskot ut over 1/3 av finansieringa.
 7. Søknadsfrist er 1. september 2017.

Utlysing:



Hardangerrådet iks



Hardanger

UTLYSING

Regionalt kulturfond Hardanger 2017

Kr 100.000,-

Midlane er meint å stimulera til kulturutvikling i Hardanger.

Nye tiltak og prosjektutvikling vert prioritert. Tiltak må femna om fleire kommunar.

Søknad skal sendast til Hardangerrådet på post@hardangerraadet.no

Frist er 01.09.2017

Krav til søknad finn du på www.hardanger.com